



REFERAT FRA INSTITUTTRÅDSMØTE 17.06.21

Institutt for filosofi og førstesemesterstudier
Instituttrådet

Referanse	Møtedato	Referatdato
2021/7794	17.06.21	17.06.21

Referent	Innkalt av
Steinar Thunestvedt	Steinar Bøyum

Deltakere: Steinar Bøyum, Kevin Cahill, Eivind Kolflaath, Vibeke Tellmann, Alois Pichler, Mette Hansen, Ståle Melve, Leon Commandeur, Haakon Ben Schrøder, Axel Leegaard (vara), Edvard Jacobsen (settere representant)

Ikkje møtt: Natalie Timland, Asle Tellefsen

I Godkjenning av innkalling og sakliste

Det var ingen merknader til innkalling og/eller sakliste.

Studentrepresentant Schrøder meldte behov for å informere om fagutvalet under «Eventuelt».

II Orienteringssaker

- Referat frå sist møte i Undervisningsutvalet: Ingen andre saker enn dei to som her ligg føre som vedtakssaker.
- Referat frå sist møte i fakultetsstyret (15.06): Kolflaath orienterte om relevante saker: Valet til fakultetsstyret (der Hans Marius Hansteen no er innvalgt), mentorordning (som kan synast å ikkje ha vore heilt vellukka), lektorutdanningsutvalget (der FoF no er representert), re-akkreditering av studieprogrammer inkl. retorikkprogrammet (avgjerd om retorikkprogrammet er utsett i påvente av revidert programevaluering), rekneskap (pandemien medfører framleis relativt stort mindreforbruk i fakultetsøkonomien),

Postadresse
Postboks 7800
5020 Bergen

Telefon 55 58 00 00
postmottak@uib.no
Internett www.uib.no
Org no. 872 789 542

Institutt for filosofi og
førstesemesterstudier
fof@hf.uib.no
Telefon 55 58 23 82
Telefaks 55 58 96 51

Besøksadresse
Sydnesplassen
12/13
Bergen

Referent
Steinar Thunestvedt
55582384

justering i PhD-reglementet knytt til prosedyrene for mindre omarbeiding av PhD-avhandlinga.

- Høyrings sak: Handlingsplan for likestilling og mangfold 2021-25: Instituttleiar gjorde greie for innhald og prosess knytt til den nye likestillings-/mangfoldsplanen.

Kevin Cahill uttrykte uro knytt til risikoen for at likestillings-/mangfoldsperspektiv kan intervenere i den faglege autonomien, t.d. i emneplanar/pensum - slik ein har sett ved andre universitet.

Vibeke Tellmann helste kvotering på instituttnivå velkommen og tok også til orde for å bruke søkekomitear for å identifisere velkvalifiserte kvinner ved stillingsutlysingar. Instituttleiar stadfesta at dette blir vurdert i dei to stillingane som er i prosess no.

III Vedtakssaker

2021-14 Budsjettninnspel for 2022

Instituttleiar gjorde greie for budsjettinnspelsprosessen og signaliserte kva han ønskjer å prioritere i årets innspel – samstundes som han antyda innspelets noko «rituelle» karakter.

Alois Pichler understreka viktigheita av frikjøpsordningar for søknadsskriving, spesielt EU-søknadsskriving.

Vedtak:

Instituttleiar får fullmakt til å utforme budsjettinnspel for 2022

2021-15 Emneplansendringar ved filosofistudiene

Undervisningsutvalet ønsker å gjere permanent nokon av dei endringane i emneplanane som blei innført som ein konsekvens av pandemien. Instituttleiar støttar framlegga frå utvalet.

Rådet hadde ikkje innvendingar, men Mette Hansen fann grunn til å beklage at rettleiingar fell bort som arbeidskrav i metafysikk-kursa

Vedtak:

Instituttrådet sluttar seg til framlegga om justeringar i emneplanane for FIL236/336 og FIL220/320 (bortfall av arbeidskravet rettleiing) og FIL128/228/328, FIL105/235/335 og FIL106/236/336 (fjerning av overlappsregel).

2021-16 Mal for sensorrettleiingar

Nytt framlegg til mal for sensorrettleiingar for fagstudiene blei presentert.

Det var noko diskusjon i kva grad språklege element (grammatikk, interpunksjon, ortografi) bør vere blant krava til ei god eksamensoppgåve, men rådet slutta seg til ideen om at dette høyrer til «god vitenskapelig form og stil».

Studentrepresentant Schrøder nytta høvet til å beklage tiltakande «anglifisering» også i skriving av eksamensoppgåver, noko som då kan ha negative konsekvensar om språklege element blir tungt vektlagt.

Vedtak:

Instituttrådet sluttar seg til framlegget til ny sensorrettleiing for fagstudiene i filosofi, retorikk og didaktikk

2021-17 Val til instituttråd

Etter valreglementet er det avtroppande instituttråd som skal fungere som valforsamling i dei tilfella der det ikkje har vore val. Ved FoF kom det ikkje inn tilstrekkeleg med kandidatframlegg til å ha val verken i gruppe B eller gruppe C.

Nominasjonskomiteen ved FoF har foreslått attval på Leon Commandeur i gruppe B og at Kirsten Bang blir representant for gruppe C (Bang var den einaste som var føreslått).

Vedtak:

Instituttrådet vel Leon Commandeur som medlem i gruppe B for perioden 2021-2022. David Chelsom Vogt blir 1. varamedlem og Tore Øgaard blir 2. varamedlem.

Instituttrådet vel Kirsten Johanne Bang som medlem i gruppe C for perioden 2021-2025. Deirdre Smith blir 1. varamedlem og Vigdis Kvam 2. varamedlem.

2021-18 Eventuelsaker

- Studentrepresentant Schrøder orienterte om fagutvalet sine aktivitetar der leiar Asle Tellefsen no har gått ut av vervet sitt som leiar. Axel Leergard overtar sannsynlegvis som leiar.

Schrøder sitt innlegg bar bod om frisk og god satsing frå fagutvalet i tida som kjem, også på ulike fagleg-sosiale aktivitetar.

- Instituttleiar takka dei som no går ut av instituttrådet for god innsats i åra som har gått: Alois Pichler, Mette Hansen, Kevin Cahill og Ståle Melve er dei avtroppande representantane i gruppe A og C.

Alle blei ønskt ein god sommar.